

VESTFOLD OG TELEMAR



Invitasjon til deltaking i partnerskap for inkludering og ung deltaking

Meistring, utdanning og jobb i sikte

Føresetnadane for god helse og kjensle av å høyre til og meistre blir skapt gjennom heile oppveksten, frå før barnehagen til etter vidaregåande skule. Å lykkes som samfunn med å inkludere unge og sikre at færrest mogleg fell utanfor, har ikkje bare statistiske og samfunnsøkonomiske konsekvensar. For kvart enkelt menneske dette gjeld- og deira næraste familie – er det enorm forskjell for heile livet på dei to alternativa; utanfor eller innanfor – i tydinga passiv mottakar av ytingar eller aktiv bidragsyter til verdiskaping og velferd.

Mange aktørar har ei rolle i denne samfunnsutfordringa, og dei må alle med i arbeidet for å løyse ho. Gjennom eit sterkt partnarskap og felles eigarskap til utfordringa vil vi inkludere fleire barn og unge i framtida. Kommunane står sterkare i et fellesskap enn kvar for seg.

Bakgrunn

I Noreg lukkast vi ikkje godt nok med å få alle som kan jobbe inn i jobb, eller med å sikre at alle er ein del av fellesskapet. Talet på unge som ikkje fullfører vidaregåande opplæring held seg høgt, og ein stor del av våre unge mellom 18 og 35 år er verken i arbeid eller i utdanning. Føresetnadene for god helse og kjensla av å høyre til og meistre blir skapt gjennom heile oppveksten, frå før barnehagen til etter vidaregåande skule. Mange aktørar har ei rolle i denne utfordringa samfunnet står i, og dei må alle med i arbeidet for å løyse ho. ¹


KS har satt ungt utanforskap på dagsordenen i KS Debatthefte 2021, «Utanforrekneskapet» og i satsinga «Partnarskap for radikal innovasjon».

Vestfold og Telemark fylkeskommune har over lengre tid retta merksemda på det omfanget utfordringa har i fylket vårt – og dei konsekvensane dette har både for den enkelte og samfunnet. Alle kommunane i fylket har søkelys på utfordringa – og det er mange gode initiativ i dei ulike kommunane. Utfordringa eig vi saman – og då kan det også vera moglegheiter til enda betre løysningar om vi forpliktar oss til felles innsats.

Partnarskap er mellom aktørar som er einige om at den beste og kanskje einaste måten å realisere måla på er gjennom eit forpliktande samarbeid, kor ein er gjensidig ansvarleg for sluttresultatet, men kor kvar enkelt tar sin del av ansvaret for å realisere målet med samarbeidet. ²

¹ [Partnarskap for radikal innovasjon](#)

² Forskningsrådet, Ut av blindsonene, 2021.



VESTFOLD OG TELEMAR



Partnerskapet for inkludering og ung deltaking er ein overbygning til kommunane sine eigne satstingar og skal sikre politisk forankring og forplikte på tvers av forvaltningsnivå og tenester. For å løyse komplekse utfordringar i samfunnet må kommunen gjennom god styring og leiing legge til rette for meir og betre samhandling, og la dei unge få moglegheit til reell medverknad. Samhandlinga må vidare bli forsterka på tvers av forvaltnings- og tenestenivå.

Partnerskap for inkludering og ung deltaking skal gje medvind til kommunen sitt arbeid.

Det faglege innhaldet

Partnerskapet tar utgangspunkt i tre nøklar for arbeid med inkludering; **samhandling, medverknad og innovasjon**. Gjennom auka kunnskap, deling av god praksis og tilgang til nye verktøy skal kommunane vera betre rusta til å løyse arbeidet med å inkludere alle lokalt. Ei slik tilnærming vil støtte opp under kommunane sine eigne satsingar. Partnerskapet har vidare ein viktig funksjon i at alle aktørar kjenner betre til kvarandre, og at siloar mellom forvaltningsnivå og internt i kommunane bli bygd om.

Kommunane skal hausten 2021 førebu seg på barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma. Det er naturleg, og ynskjeleg frå kommunane, at partnerskapet i startfasen tar opp i seg intensjonane og føringane i oppvekstreforma, som rettar søkelyset mot nettopp samhandling.


Gjennom deltaking i partnerskapet skal den enkelte kommune få dra-hjelp til å møte oppvekstreforma.

Den praktiske gjennomføringa

Kommunane har ulik ståstad og inngang til deltaking i partnerskapet. Fleire kommunar har sett i gang prosjekt som tek opp i seg intensjonane som ligg i partnerskapet. For desse kommunane skal partnerskapet støtte opp om det pågåande arbeidet. Nokre kommunar er i startfasen og vil i fyrste omgang ha nytte av å finne ståstad og kartlegge behov for ny innsats. I partnerskapet er det satt av ressursar til å gje bistand til kvar enkelt kommune, og ein slik bistand kan vera direkte knytt til oppvekstreforma og dei nye krava som følgjer.

Som en oppfølging av samlinga 30. september i Porsgrunn er det ynskjeleg at det blir informert nærmare om partnerskapet i regionsmøta. Desse møta blir gjennomført haust/vinter 2021-2022. Dette vil gje ei god oversikt over ståstad i kommunane og korleis partnerskapet kan hjelpe i regionar eller enkeltkommunar. Leiarar for regionane blir bedt om å ta kontakt med Robert Rognli (KS Konsulent, robert.rognli@ks.no) for å lage avtale.

Som eit steg to, planlegg ein ei felles samling i regionen med temaet *samhandling*. Her blir det lagt opp til faglege innlegg, og ikkje minst det å knytte kontakt på tvers av forvaltningsnivå. Målgruppe



VESTFOLD OG TELEMAR

for deltaking på samlinga er politisk og administrativ toppleing og leiarar i tenester for barn og unge.

Deltaking frå kommunane

Effekten av eit partnerskap blir betre ved høg deltaking og ved å forplikte seg i arbeidet med å inkludere fleire barn og ungdom. Politisk forankring er avgjerande for at partnerskapet skal gje grunnlag for å utforme god oppvekstpolitikk og gjennomføring på tenestenivå.

Vi oppmodar alle kommunar til å forankre deltakinga politisk.

Korleis den politiske forankringa skal gå føre seg bør bli vurdert i den enkelte kommune. Ein veg kan vera ei orienteringssak til politisk utval for oppvekst og/eller kommunestyret. Alternativt kan kommunen fremje ein politisk sak om deltaking i partnerskapet.

Økonomi

Ungt utanforskap er eit stort og samansett problem, menneskeleg og samfunnsøkonomisk. Mange unge menneske i utanforskap fører til redusert tilgang på arbeidskraft, auka velferdsutgifter og lågare skatteinngang på lengre sikt. Det ligg store økonomiske gevinstar i å klare å inkludere fleire, men fyrst og fremst handlar det om vårt felles ansvar om å gje flest mogleg eit godt liv.

Det er ingen direkte kostnadar for kommunar ved å delta i partnerskapet som er finansiert gjennom OU-midlar frå KS. Vestfold og Telemark fylkeskommune finansierer eigenandelen på 30 % som er knytt til tildeling av OU-midlar.

Kommunar som ynskjer hjelp gjennom partnerskapet, vil få dekt 70 % av kostnadane som kjem i samband med konsulentbistand. Kommunar som har behov for hjelp over tid, kan søke om OU-midlar og få finansiert inntil 70 % av kostnadane.

For meir informasjon om partnerskapet viser vi til *kunnskapsgrunnlaget* som er sendt kommunane. Vi viser også til en litteraturgjennomgang [Unges utfordringer i jobb og utdanning](#) som er utarbeida i samband med samarbeidsprosjektet *Fleire unge i fast arbeid*. Eit samarbeidsprosjekt i regi av Vestfold og Telemark fylkeskommune saman med viktige samfunnsaktørar i arbeidslivet og innan utdanning.

Med vennleg helsing

Vestfold og Telemark fylkeskommune v/ Helge Galdal
KS Vestfold og Telemark v Ann-Kariin Iversen